



Vestfold
og Telemark
revisjon

Eigarstyring i Kviteseid kommune

Eigarskapskontroll | Kviteseid kommune

Innhald

| | |
|---|-----------|
| Samandrag | 3 |
| 1. Innleiing..... | 4 |
| 1.1. Kontrollutvalet si bestilling | 4 |
| 1.2. Problemstilling og revisjonskriterium..... | 4 |
| 1.3. Avgrensing..... | 4 |
| 1.4. Metode og kvalitetssikring | 4 |
| 1.5. Fråsegn frå eigarrepresentant og selskap..... | 5 |
| 2. Eigarskapsmelding | 6 |
| 2.1. Kriterium - eigarskapsmelding..... | 6 |
| 2.2. Fakta om kommunens eigarskapsmelding..... | 7 |
| 2.3. Revisors vurdering - Eigarskapsmelding | 8 |
| 3. Kommunen si eigarstyring..... | 9 |
| 3.1. Kriterium eigarstyring..... | 9 |
| 3.2. Fakta om eigarstyring | 12 |
| 3.3. Revisors vurdering – eigarstyring | 17 |
| 4. Konklusjonar og tilrådingar | 20 |
| 4.1. Konklusjonar..... | 20 |
| 4.2. Tilrådingar | 20 |
| Litteratur og kjeldereferansar | 21 |
| Vedlegg..... | 22 |
| Vedlegg 1: Metode og kvalitetssikring | 22 |

Samandrag

I denne eigarskapskontrollen har vi undersøkt følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med kommunelova § 26-1?
2. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

Her vil vi sjå på

- folkevaldopplæring og informasjon om selskapa
- eigarmøte
- oppnemning av eigarorgan/representant
- forankring av eigarsaker
- styrevalprosessar

Undersøkinga viser at kommunen har eigarskapsmelding i samsvar med minstekrava i kommunelova, men kommunestyret må vedta eigarskapsmelding også i denne kommunestyreperioden.

Kommunen si eigarstyring samsvarar ikkje fullt ut med gjeldande krav og tilrådingar. Vi vil særskilt nemne at kommunen ikkje har rutinar som sikrar politisk forankring av eigarsaker. I tillegg har undersøkinga vist at:

- Kommunen ikkje har hatt folkevaltopplæring i eigarskap.
- Kommunestyret ikkje har fått jamleg informasjon om selskapa kommunen eig.
- Kommunen ikkje har jamlege eigarmøte, slik det er tilrådd å ha.
- Kommunen har sentrale folkevalde i dei fleste eigarorgan i tråd med tilrådd praksis, men kommunestyret har ikkje gitt fullmakt og valt representasjon fullt ut i tråd med lovkrava.
- Kommunen har ikkje følgd opp alle tilrådingane knytt til styreval.

Tilrådingar

Vi rår Kviteseid kommune til å:

- revidere og handsama eigarskapsmeldinga som planlagt, og sjå til at eigarskapsmeldinga også er i tråd med tilrådingane frå KS for god eigarstyring
- sørge for folkevaltopplæring i eigarskap og at kommunestyret årleg får informasjon om selskapa
- i samarbeid med dei andre eigarane ta stilling til behovet for jamlege eigarmøte med dei ulike selskapa, og etablere rutinar som samsvarar med desse vurderingane
- sikre at eigarrepresentant i generalforsamling og representantskap er oppnemnt/valt i tråd med gjeldande lovkrav
- treffe tiltak for å sikre politisk forankring av eigarsaker
- treffe tiltak for å sikre styreval i tråd med krav og tilrådingar, til dømes numerisk vara og grunngitt innstilling frå valnemnd
- vurdere praksisen med gjennomgåande styre i selskapa sine eigarorgan.

1. Innleiing

1.1. Kontrollutvalet si bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Kviteseid kommune i sak 29/24. Bakgrunnen for bestillinga er plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Reglane om eigarskapskontroll står i kommunelova § 23-2 første ledd bokstav d, jf. § 23-4 og § 24-2, og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

1.2. Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med kommunelova § 26-1?
2. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

Her vil vi sjå på

- folkevaldopplæring og informasjon om selskapa
- eigarmøte
- oppnemning av eigarorgan/representant
- forankring av eigarsaker
- styrevalprosessar

Revisjonskriteria¹ i denne eigarskapskontrollen er henta frå kommunelova, IKS-lova, aksjelova og KS sine . Kriteria er gjort greie for under kvar problemstilling i rapporten.

1.3. Avgrensing

Vi vil sjå på kommunen si eigarstyring i 2023 og 2024.

1.4. Metode og kvalitetssikring

Eigarskapskontrollen er gjennomført av forvaltningsrevisor Anne Sæterdal, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarleg.

Vi har undersøkt kommunens i praksis i fire selskap:

- Kvido AS
- Vest-Telemark kraftlag Holding AS
- Vest-Telemark næringspark AS
- Vest-Telmark brann og redning IKS

¹ Det skal alltid vere revisjonskriterium i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 15. Revisjonskriterium er dei reglane og normene som gjeld på det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

Datagrunnlaget har vore intervju med ordførar som eigarrepresentant, samt dokumentasjon frå selskapa og kommunen, samt relevant informasjon frå kommunen sin nettside, Brønnøysundregisteret og proff.no. Vi har også hatt eit intervju med kommunedirektøren for å få avklart administrasjonens rolle i eigarstyringa, samt informasjon om folkevaldopplæring og eigarsaker som har vore til politisk handsaming.

Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 1 til rapporten.

1.5. Fråsegn frå eigarrepresentant og selskap

Rapporten er sendt til uttale til kommunen v/ eigarrepresentant og dei fire selskapa vi har undersøkt praksis i, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Vi har fått svar frå kommunens eigarrepresentant, som ikkje ser at det er noko typisk feil i rapporten. Vi har også fått svar frå to av selskapa, Kvito AS og Vest-Telemark næringspark AS, som ikkje hadde kommentarar til rapporten.

2. Eigarskapsmelding

Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med kommunelova § 26-1?

2.1. Kriterium - eigarskapsmelding

Det følgjer av kommunelova § 26-1 at kommunestyret minst ein gong i valperioden skal vedta ei eigarskapsmelding. Eigarskapsmeldinga skal minimum

- innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring,
- gi ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i og
- angi kommunen sitt formål med sine eigarinteresser.

Kravet om eigarskapsmelding markerer kommunen sitt overordna ansvar for verdiar og tenester som blir forvalta av verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i. Kommunestyret kan ikkje delegere mynde til å vedta eigarskapsmeldinga til andre²

Det er ikkje konkrete krav til utforminga av eigarstyringsprinsipp, men KS har utarbeidd fleire tilrådingar om god eigarskap.³ Desse bør som hovudregel leggjast til grunn når kommunen skal utarbeide eigne eigarstyringsprinsipp.

Oversikta over eigarskapen skal m.a. omfatta aksjeselskap, interkommunale selskap (IKS), kommunale føretak, samvirkeføretak, kommunalt oppgåvefelleskap og vertskommunesamarbeid. Kommunen sitt formål med å eige selskapa eller delta i samarbeidet skal gå fram av eigarskapsmeldinga. Kommunen sitt formål er ikkje alltid identisk med det vedtektsfesta formålet for verksemda.²

Kravet om eigarskapsmelding gjeld frå og med kommunestyreperioden 2019 – 2023. Lovkravet til eigarskapsmeldinga er berre eit minimumskrav. Det betyr at kommunen står fritt til å inkludere fleire element i eigarskapsmeldinga. Det kan mellom anna vere aktuelt å seie noko om organisering av arbeidet med eigarstyring, og prinsipp knytt til samfunnsansvar, miljø, likestilling, etikk mv. i selskapa, jf tilråding nr 4.

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium:

- Kommunen skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv minst ein gong i valperioden.
Eigarskapsmeldinga skal
 - innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring
 - gi oversikt over eigarinteressene i kommunen

² Prp 46 L (2017-2018) om ny kommunelov s. 413-414

³ Dag-Henrik Sandbakken (red), *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll*, KS, 2020, <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

- angi kommunen sitt formål med sine eigarinteresser

2.2. Fakta om kommunens eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga til Kviteseid kommune blei vedteken av kommunestyret 07.10.21 i sak 52/21. I del ein er det informasjon om ulike eigar-/selskapsformer og val av selskapsform, samt årsaker til kommunalt eigarskap. Del to omhandlar eigarstyringsprinsipp i Kviteseid kommune. Kommunen har 10 eigarstyringsprinsipp:

- 1) Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for det einskilde selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastningsmål for selskapa.
- 2) Kviteseid kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerer leiinga av selskapet på vegne av eigarane.
- 3) Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepolitikk.
- 4) Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.
- 5) Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
- 6) Godtgjersle til styret skal vera på moderat nivå, men rimeleg ut frå styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten til arbeidet. Leiars lønsnivå bør vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande.
- 7) Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon, rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar, høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.
- 8) Kviteseid kommune sine etiske retningslinjer skal ligge til grunn for den verksemda som vert drive i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningslinjer.
- 9) Kviteseid kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.
- 10) Kviteseid kommune sine styreprerantar skal vera registrert i styrevervregisteret.

Eigarskapsmeldinga har også oversikt over kommunen sitt eigarskap i selskap, kommunalt oppgåvefelleskap og administrative vertskommunesamarbeid. Det er i tillegg omtale av det enkelte selskap/samarbeid/oppgåvefelleskap og kommunens eigarstrategi for selskapet, der det også er informasjon om selskapet, eigarar, styringsdokument, formål og strategi, informasjon om styresamansetjing da meldinga blei vedteken, utdrag frå siste rekneskap, omtale av korleis selskapet rapporterer til kommunen, bakgrunn for eigarskapet og eigarstrategi. Det er nokre få selskap som ikkje er omtalt i tråd med malen.

Eigarskapsmeldinga viser ikkje korleis kommunen har organisert arbeidet med eigarstyring.

Registrering i styreverv-registeret er tilrådd. Styrevervregisteret i den form det har hatt, blir no avvikla. Om KS vil utvikle eit nytt register, er førebels ikkje avklart.

Kommunen hadde planlagt revidering av eigarskapsmeldinga i første halvår 2025. Arbeidet er starta, men er sett på vent fram til denne rapporten er klar.

2.3. Revisors vurdering - Eigarskapsmelding

Kommunen vedtok ei eigarskapsmelding i førre kommunestyreperiode. Eigarskapsmeldinga har eit innhald i tråd med minimumskrava i kommunelova. I neste problemstilling vurderer vi også eigarskapsmeldinga opp mot tilrådingane frå KS på god eigarstyring på dei områda vi her undersøker. I samband med dette gir vi også tilrådingar utover minstekrava.

Det er planlagt at kommunestyret skal vedta ei ny eigarskapsmelding i denne perioden, noko som er i tråd med krava som satt.

3. Kommunen si eigarstyring

Er kommunen si eigarstyring i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

Her vil vi sjå på

- folkevaldopplæring og informasjon om selskapa
- eigarmøte
- oppnemning av eigarorgan/representant
- forankring av eigarsaker
- styrevalprosessar

3.1. Kriterium eigarstyring

3.1.1. Folkevaldopplæring og informasjon om selskapa

Kommunen bør sørge for god kunnskap til folkevalde om eigarskap. Det er viktig at kommunestyret som eigar, får kunnskap og innsikt i omfanget av selskapsorganisering og kva for moglegheiter kommunestyret har for å styre selskapa dei har eigarskap i. Dei folkevalde må også få kjennskap til dei ulike rollene dei har som folkevalde, styremedlemmar eller eigarrepresentantar, jf. KS tilråding nr 3.

Kommunestyret bør få ein årleg rapport om tilstanden for selskapa, jf. KS si tilråding nr 4.

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium:

- Kommunen skal ha opplæring/kompetanseutvikling (eks eigarskapseminar) for alle dei folkevalde i tråd med KS sin tilråding.
- Kommunestyret skal få ein årleg rapport om tilstanden for selskapa kommune eig.

3.1.2. Eigarmøte

I tillegg til dei formelle møta i eigarorganet til selskapa, tilrår KS at det blir gjennomført eigarmøte, jf. KS tilråding nr. 6. Eigarmøte er ikkje regulert, men er eit møte mellom kommunen som eigar, styret og dagleg leiar. Møtet er ein uformell arena der selskapet kan utveksle informasjon med eigarane og diskutere strategiske val utan at det treffest avgjerder. Sjølv om møtet er ein uformell arena, bør innhald og gjennomføring dokumenterast ved dagsorden og referat, mellom anna for å sikre kontinuitet i dialogen mellom eigar og selskap.

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium:

- Det bør vere jamlege eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet. Møta bør dokumenterast.

3.1.3. Oppnemning av eigarrepresentant

Som hovudregel bør kommunestyret utnemne sentrale folkevalde som kommunen sine representantar i eigarorganet for selskapet. Det å utnemne sentrale folkevalde vil bidra til å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen med kommunestyret og selskapets eigarorgan. Dersom føremålet til selskapet er reine driftsoppgåver, kan tilsette frå administrasjonen møte i eigarorganet slik at det får fagkompetanse, jf. KS tilrådingar om god eigarstyring s. 19.

Det følgjer av IKS-lova § 6 og kommunelova §§ 19-3 og 18-3 at kommunestyret sjølv vel eigarrepresentant med vararepresentant til representantskap i IKS, kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og interkommunalt politisk råd (IPR).

I generalforsamling i aksjeselskap kan kommunen (aksjonær) vere representert etter fullmakt, jf. aksjelova § 5-2. Ordførar kan ikkje representere kommunen i generalforsamling med heimel i kommunelova § 6-1 andre ledd. Kommunen sin representant til generalforsamling må veljast/delegerast fullmakt på vanleg måte av kommunestyret eller av formannskapet etter delegasjon.⁴

Det skal oppnemnast minst to vararepresentantar for kvart medlem i representantskapet i IKS, og minst like mange vara som medlemmer i representantskapet i KO og IPR.⁵ Her er det ikkje høve for andre å møte etter fullmakt, slik det er for aksjeselskap. Om formålet med selskapet er reine driftsoppgåver, kan tilsette i administrasjonen i kommunen sitte i eigarorganet, jf. KS tilråding nr 7.

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium:

- Kommunen bør sikre at sentrale folkevalde blir utnemnt som eigarrepresentant, og at det blir valt vararepresentantar i samsvar med krav for dei ulike selskapsformene og selskapa.

3.1.4. Eigarstyring og forankring av eigarsaker

Eit viktig prinsipp ved selskapsorganisering er at dei leiande organa i selskapet skal ha stor grad av fridom til å drive verksemda. Lovfesta føresegner og vanlege normer for god selskapsstyring set grenser for kor mykje kommunen eller fylkeskommunen som eig desse selskapa kan og bør involvere seg i selskapsverksemda. Oppgåva til styret og administrasjonen i selskapet er å planleggje, forvalte og drive verksemda innanfor ei ytre ramme som er trekt opp av eigaren/eigarane. Den ytre ramma består av eigarstrategien, eigarskapsmeldinga og selskapsavtalen eller vedtektene for selskapet, jf. *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll*, KS, 2020 side 4.

Kommunestyret bør utarbeide og jamleg revidere styringsdokument og avtalar som regulerer styring av selskapa, jf. KS tilråding nr 5.

Eigarstyring skal skje igjennom eigarorganet til verksemda (dvs. generalforsamling eller representantskap) og skal utøvast innanfor rammene av kommunestyrevedtaket.⁶ For AS og IKS bør det etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom eigar (kommunestyre/formannskap) og eigarorganet. Dette bør forankrast i eigarskapsmeldinga.

⁴ Jf. Prp. 46 L (2017-2018) om kommunelov s. 361, jf. Ot.prp. nr. 42 (1991-1992) s. 80, og Overå og Bernt 2019, s. 107: Ordføraren er kommunen sin rettslege representant – det vil seie at han/ho opptrer på vegne av kommunen i rettsaker – og underskriv på kommunen sine vegner, dersom ikkje anna er bestemt. Ordføraren kan likevel normalt ikkje forplikte kommunen på eigen hand.

⁵ Jf. IKS-lova § 10 og kommunelova § 18-3 og § 19-3.

⁶ Dette går fram av IKS-lova § 7 og aksjelova § 5-1. Prinsippet er også omtalt i KS tilråding nr. 7.

I KS tilråding nr. 8 kjem det fram at kommunen bør sørge for at føresegner om innkallingsfrist til generalforsamling og representantskap blir tekne inn i vedtektene/selskapsavtalen. Fristen bør setjast slik at kommunen har tid til å handsame aktuelle saker først.

Det finst ikkje formkrav for korleis medlemmer i generalforsamling eller representantskap skal sørge for politisk forankring hos fleirtalet i kommunestyret i viktige saker. Utgangspunktet er også her organisasjonsfridom i kommunane, innanfor reglane i kommunelova om delegering av mynde. Eit sentralt omsyn er at både posisjon og opposisjon blir helden informert og får høve til å diskutere viktige saker som skal behandlast i eigarorgana i selskapa. Nokre kommunestyre har lagt ansvar for eigarstyring av selskapa til formannskapet. Andre har valt å utnemne hovudutval for eigarskap og næringsutvikling, der både posisjon og opposisjon er representert. Somme løyser den politiske forankringa ved at innkallinga til representantskapsmøte blir sendt til alle i kommunestyret. Partigruppene får dermed høve til å diskutere sakene og legge sitt syn fram for hovudutval eller formannskap, jf. A. Sommerfelt, *Eierstyring av kommunale selskaper: Hva kjennetegner god eierstyring*, Samfunnsbedriftene 2022.

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium:

- Kommunen bør sjå til at dokument og avtalar som regulerer styring av selskapa blir revidert
- Kommunen bør ha føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunen og eigarorganet i selskapet
- Kommunen bør sjå til at det er frist for innkalling til generalforsamling/representantskap i vedtekter/selskapsavtalar slik at kommunen kan handsame aktuelle saker
- Eigarskapsaker skal handsamast politisk i samsvar med delegert mynde

3.1.5. Styrevalprosessar

KS tilrår at bruk av valkomité og at det bør lagast retningslinjer som regulerer arbeidet i komiteen, jf. tilråding nr 10. KS tilrår også at bruk av valkomité blir vedtaksfesta eller nedfelt i selskapsavtalen, sidan valkomité ikkje er lovregulert. Hovudoppgåva til ein valkomité er gjerne å finne og foreslå kandidatar til styret i selskapet etter oppdrag frå eigarorganet. Valkomiteen kan også få andre oppgåver, til dømes å foreslå godtgjering til styret, og å foreslå leiar og nestleiar i representantskap. Det bør vere forsvarlege og gjennomtenkte prosessar rundt val av kandidatar i styra, med fokus på kompetanse og personlege eigenskapar. Ansvar, rolleforståing og habilitet er viktige tema. Det er tilrådd at valkomiteen har ein dialog med styret før forslag til styrekandidatar blir fremja, og at valkomiteen grunngir forslaga sine.

Eigar har ansvar for å sikre at styret samla sett har den nødvendige kompetansen for å nå målet til selskapet. Både kommunen og eigarorganet må definere kva for kompetanse og kapasitet som ventast av styremedlemmene, og dei har begge eit ansvar for å sikre at styret har den kompetansen som trengs. Styret bør vere samansett med komplementær kompetanse og erfaring, tilpassa kvart enkelt selskap sitt formål, jf. tilråding nr 9.

Både kommunelova § 21-1, IKS-lova § 10 og aksjelova § 20-6 har krav til kjønnsrepresentasjon i styret. KS tilrår også at det skal vere ein balansert kjønnsrepresentasjon i styret. Det er ikkje krav om å ha varamedlemmer til styret, men det er mogleg å peika ut personlege eller numeriske vara (vara i fast rekkjefølgje, uavhengig av kva styremedlem som har fråfall). På bakgrunn av behov for kontinuitet og kompetanse i styremøta, tilrår KS numerisk vara (tilråding nr. 14).

Det er ikkje noko til hinder for at medlemmer av folkevalde organ kan veljast til styremedlemmer i selskap. Forståing og erfaring frå det politiske systemet i kommunen eller fylkeskommunen kan gi ei viktig innsikt og kompetanse som styret bør ha. Kommunen bør likevel vurdere kor ofte vedkommande kan bli inhabil i sitt verv i kommunen, og om ulempene overstig fordelane. Det er ikkje tenleg å velje ein person som i mange samanhengar må fråtre som inhabil fordi han eller ho kjem i ei dobbeltrolle. Typisk gjeld dette der det er snakk om at sentrale folkevalde eller tilsette i kommunale leiarstillingar blir ønskte valt inn i styret i eit kommunalt eigd selskap.

På denne bakgrunn har vi følgjande revisjonskriterium:

- Det bør fastsetjast i vedtekter/selskapsavtalar at val av styremedlemmer skal gjennomførast etter forslag frå ein valkomité.
- Generalforsamlinga/representantskapet bør fastsetja retningslinjer som regulerer arbeidet i valkomiteen.
- Valkomiteen bør gi ei skriftleg innstilling til det organet som vel styret.
- Innstillinga frå valkomiteen bør vere grunnlagt ut frå selskapet sitt behov for kompetanse/erfaring i styret.
- Det skal vera kjønnsrepresentasjon i styret i tråd med lovkrav.
- Der det er varamedlemmer i styret bør det utnemnast numeriske varamedlemmer.

3.2. Fakta om eigarstyring

3.2.1. Folkevaldopplæring og informasjon om selskapa

I eigarskapsmeldinga er det lagt opp til at kommunestyret jamleg skal få informasjon om selskapa kommunen eig, jf. eigarstyringsprinsipp nr 4.

Kviteseid kommune har hatt folkevaldopplæring i regi av KS, men den omfatta ikkje eigarskap. Det skal vere meir opplæring for sittande kommunestyre, men innhaldet er ikkje fastsett. Det har ikkje vore gjennomgang av gjeldande eigarskapsmelding i kommunestyret i denne valperioden.

I den perioden vi har undersøkt, er det ikkje lagt fram årsmeldingar frå selskapa for kommunestyret. Årsmeldingane er handsama i generalforsamling/representantskap, men kommunestyret har heller ikkje hatt innkallingar til behandling eller protokollar til orientering. Ordførar opplyser at kommunestyret våren 2024 fekk ei orientering frå Kvito AS, og dei har også

fått informasjon frå andre selskap, men kommunen har ikkje hatt ei fast ordning med jamleg informasjon om eller frå dei ulike selskapa som kommunen eig.

3.2.2. Eigarmøte

Eigarmøte er omtalt i eigarstyringsprinsipp nr 3 i eigarmeldinga. Her står det at eigarmøte er ein kanal for kommunen til å fremje sine eigarinteresser. Det er ikkje anna omtale av eigarmøte i meldinga utover at eigarmøte nemnt som ein kanal for rapportering til kommunen for nokre av selskapa. Det gjeld Vest-Telemark Kraftlag og Telemark Næringshage AS.

Av dei fire selskapa vi har undersøkt, er det berre Vest-Telemark Kraftlag Holding AS som har hatt eigarmøte i den perioden vi undersøker. Det var to eigarmøte i 2024, og ingen i 2023. I november 2022 var det også eit eigarmøte. Det er referat frå møta.

Vi har fått opplyst frå dagleg leiar i Kvito AS at det har vore eigarmøte/meir uformelle drøftingar med eigarane i etterkant av generalforsamlingane. Det var eigen innkalling i 2023, men ikkje i 2024. Det er ikkje referat frå møta. Ordførar opplyser at kommunen har ønska eit ekstra eigarmøte i Kvito AS, men at eigarane ikkje har klart å bli einige om å ha eit slikt møte.

3.2.3. Oppnemning av eigarrepresentant

Det er ikkje lagt føringar for oppnemning av eigarrepresentant i eigarskapsmeldinga.

Kommunen har som praksis at ordførar er kommunens eigarrepresentant og at varaordførar er vararepresentant. For eit av selskapa, Skien-Dalen skipsselskap AS, har næringssjefen møtt som kommunens eigarrepresentant etter fullmakt frå ordførar. Selskapet eig og driftar kanalbåten Victoria.

Delegeringsreglementet til Kviteseid kommune omtalar ikkje fullmakt til å stille som kommunens eigarrepresentant i generalforsamling. Kommunestyret har ikkje gjort andre vedtak om slik fullmakt.

Kommunestyret har valt representantar til representantskapa i dei fleste interkommunale selskapa i sak 87/23, men ikkje til representantskapet i Vest-Telemark brann og redning IKS. Kommunen har valt ein vara-representant, med unntak av for Renovest IKS, der det er valt to vara for kvart faste medlem, jf. sak 99/23

3.2.4. Eigarstyring og forankring av eigarskapsaker

Revisjon av styringsdokument

Det er ikkje sagt noko i eigarskapsmeldinga om at kommunen bør sjå til at dokument og avtaler som regulerer styring av selskapa blir revidert. Vedtektene til dei tre aksjeselskapa vi har sett nærare på, er vedtekne i 2020 eller 2021, og selskapsavtalen til Vest-Telemark brann og redning IKS er frå 2024.

Det er berre for Vest-Telemark kraftlag Holding AS, at det er utarbeida ein felles eigarstrategi. Gjeldande strategi er frå 2019. Forslag til ny strategi blei fremma i generalforsamling 27.06.24, men det blei vedteke å utsette saka.

Kviteseid kommune har ikkje selskap kommunen eig aleine. Eigarskapsmeldinga har omtale av eigarstrategi for kvart selskap kommunen eig, men strategien er ikkje samordna med dei andre eigarane av selskapa. Det er tilrådd frå KS at det blir utarbeida felles eigarskapsmelding for selskap kommunen eig saman med andre, slik at eigarane gir felles føringar (felles eigarstrategi) der det er mogleg. For fleire av selskapa er det som står som eigarstrategi ein vurdering av om betydninga av selskapet og om eigarskapen bør vidareførast. For dei tre selskapa vi ser på, der det ikkje er ein felles eigarstrategi står det:

- Vest-Telemark brann og redning IKS.⁷ Her har kommunen vist til selskapet sitt føremål. Under eigarstrategien står det at selskapet har fått fleire oppgåver når hytter kom inn i oppgåveporteføljen og at eigarskapen blir vidareført som i dag.
- Kvito AS. Her har kommunen vist til selskapet sitt føremål. Under eigarstrategien står det at tilbodet er viktig for kommunen og at eigarskapen blir vidareført.
- Vest-Telemark næringspark AS. Kommunen har vist til selskapet sitt føremål. Under eigarstrategien står det at eigarposten er viktig for utvikling av næringsaktivitet i kommunen og at eigarskapen bør vidareførast som i dag. Kommunen er positiv til om leigetakarane ønskjer å overta aksjeposten til kommunen.

Kommunikasjon/Informasjon

Eigarskapsmeldinga viser til at kommunestyret er kommunen sitt eigarorgan og at kommunestyret skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunen skal fremje sine eigarinteresser i selskapa sine eigarorgan og i eigarmøte. Det er ikkje lagt føringar på kommunikasjonen mellom kommunens eigarrepresentant og kommunestyret eller politisk handsaming av sakene. Kommunen har heller ikkje satt fristar for når kommunen må ha innkallingar til selskapas eigarorgan, slik at kommunestyret kan ivareta sin rolle som eigar.

I alle dei fire selskapa vi har undersøkt er det i vedtekter eller selskapsavtale sett frist for når innkalling til generalforsamling/representantskap skal sendast ut. Vest-Telemark Næringspark AS har ei veke, Kvito AS har 14 dagar, Vest-Telemark kraftlag Holding AS har tre veker og Vest-Telemark brann og redning IKS har fire veker. Kravet i aksjelova § 5-10 er at innkalling til generalforsamling skal sendast ut seinast ei veke før, mens det for interkommunale selskap (IKS) er krav om at innkalling til representantskap skal sendast ut fire veker før, jf. IKS-lova § 8.

Kommunen har ikkje rutine for å sikre at innkallingar til generalforsamling og representantskap blir handsama i kommunestyret, eller at kommunestyret får protokollar til orientering. Kommunestyret har heller ikkje hatt slike saker i den perioden vi har undersøkt.

⁷ Selskapet har skifta namn og står under eit anna namn i eigarskapsmeldinga, men vi nyttar gjeldande namn.

Vi har fått opplyst frå administrasjonen at dei til no ikkje har hatt et godt nok system for å sikre at all informasjon frå selskapa også blir sendt postmottak, og ikkje berre direkte til eigarrepresentanten.

For den perioden vi har undersøkt (2023-2024), har vi fått opplyst frå administrasjonen at både kommunestyret og formannskapet har handsama saker som gjeld eigarskap. Ei oversikt over saker er vist i tabellen under.

| | Kommunestyret | Formannskapet |
|-------------|--|--|
| 2023 | Politiske saker nr 49, 51, 61, 85, 87, 95, 96, 98, 98, 99 <ul style="list-style-type: none"> • <i>Omorganisering Vest-Telemarkrådet til IPR,</i> • <i>Eigarstrategi Vest-Telemark kraftlag Holding AS,</i> • <i>Konsesjonskraftstyret omdanning til KO,</i> • <i>Samarbeidsavtale Vest-Telemark driftssenter,</i> • <i>Tre nye selskapsavtaler,</i> • <i>Endring av organisasjonsform IUA skogbrannberedskap</i> • <i>Val av nemnder og utval</i> | Politiske saker nr 48, 60, 61 <ul style="list-style-type: none"> • <i>Nye aksjar i Telemark Næringshage AS,</i> • <i>Omorganisering Vest-Telemarkrådet til IPR</i> |
| 2024 | Politiske saker nr 12, 13, 15, 22, 40, 44, 45 <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vedtekter Kviteseid bydetun,</i> • <i>Selskapsavtaler,</i> • <i>Val til styrer</i> | Politisk sak 44 <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vedtekter Kviteseid bygdetun</i> |

Tabell 1 Politiske saker som gjeld eigarskap. Tekst i kursiv er tema for dei politiske sakene.

3.2.5. Styrevalprosessar

I eigarskapsmeldinga står at det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. I tillegg står det i delen om eigarstrategi og omtala av Kvito AS, at kommunen ynskjer at selskapet får på plass ei ordning med valkomité og styreinstruks.

Det er ikkje nedfelt i vedtektene til dei tre aksjeselskapa at det skal vere valnemnd.

Generalforsamlinga i Kvito AS har valt ei valnemnd på tre medlemmer, men det er ikkje laga retningsliner eller føringar for valnemnda. Vest-Telemark brann og redning IKS har ei valnemnd på tre personar, dette er nedfelt i selskapsavtala frå 2024. Her står det at innstilling frå valnemnda skal leggst ved når nye styremedlemmer og varamedlemmer skal veljast. Generalforsamlinga vedtok 15.04.24 at det skal utarbeidast retningsliner for valnemnda, men det er førebels ikkje gjort. Dei har praksis på at dagleg leiar varslar valnemnda og opplyser om kven som er på val.

I Vest-Telemark næringspark AS opplyser dagleg leiar at eigarane møtes for å drøfte kandidatar til styret. Dagleg leiar er bedt om å avklare med aktuelle kandidatar og foreslå eit styre som sikrar kompetanse, kapasitet, mangfald, kjønnsbalanse etc.

Eigarstrategien for Vest-Telemark kraftlag Holding AS blei vedteken på generalforsamling i 2019, sak 7. Her står det at styret skal setjast saman slik at det kan ta vare på interessene til eigarfellesskapen og behovet selskapet har for kompetanse og mangfald. Det står vidare at:

Det vil vere ein føremøn at styre samla bør ha kompetanse innan område som juss, økonomi og finans, teknikk, HMS og risikostyring, og røynsle frå styrearbeid eller leiing av næringsverksemd.

Ordførarane i eigarkommunane er valnemnd i selskapet og drøftar styrerepresentasjon. Leiaren av rådmannsutvalet er sekretær for valnemnda. Valnemnda innstiller til generalforsamlinga (GF), som vel 6 eigarvalde styremedlemmer med rekkjefølgjevara. Det skal vera 3 menn og kvinner både i styret og blant varamedlemmene. Dei tilsette skal i tillegg velje 2 styremedlemmer med varamedlemmer. Alle medlemmer og varamedlemmer blir valde for 2 år.

Sittande styre ble vald på generalforsamling i 2023, sak 7. I saksframlegget for val av styre (sak 7), er det berre namn på kandidatane som er foreslått. Det blei vald personleg vara for styremedlemmene og alle blei vald for 2 år. Det var ikkje val av styremedlemmer på generalforsamling i 2024.

Kviteseid kommune har ikkje føringar for om selskapa bør ha numerisk vara. Vest-Telemark brann og redning IKS og Kvito AS har numerisk vara til styret, medan Vest-Telemark kraftlag Holding AS har personleg vara. Vest-Telemark næringspark AS har ikkje vara i styret. Tiltrådinga om numerisk vara er gitt for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret, ved at det då i stor grad er same vara som møter, uavhengig av kven som har forfall.

Styre i konsern

Kvito AS og Vest-Telemark Kraft Holdig AS er organisert som konsern. Deler av verksemda er konkurranseutsett, og dei har skilt skjerma verksemd frå den verksemda som er i konkurranse med andre, slik det er tilrådd. Selskapa unngår på den måten moglege brot på reglane om offentleg støtte.

KS tilrår at styremedlemmer i morselskapet som hovudregel ikkje bør sitte i styra i dotterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold. I tilrådingane er det vist til at det kan være problemstillingar knytt til anbod og inhabilitet. Det er også vist til at styrekompetansen som trengst i dei respektive selskapa innan konsernet kan vere ulik. I begge selskapa vi har undersøkt, er styret i morselskapet også styre i dotterselskapet.

For større nettselskap er det ikkje høve til å ha same dagleg leiar eller same styret for nettselskap og morselskap. Dette forbodet gjeld ikkje selskap som har færre enn 100 000 nettkundar, jf forskrift

om nettregulering og energimarkedet § 4-17 og energilova § 4-7. Forbodet gjeld dermed ikkje Vest-Telemark Kraft Holding AS

Sentrale folkevalde og kommunale leiarar i styret

Det er eigarorganet som vel styre, men ei av dei viktigaste oppgåvene til eigar er å sjå til at selskapet har eit styre som samla sett har den kompetansen som trengs. Erfaring frå det politiske systemet eller fagområdet i kommunen kan vere viktig kompetanse for eit styre, men mogleg inhabilitet er ein viktig årsak til at ein ikkje tilrår at sentrale folkevalde eller tilsette i kommunale leiarstillingar blir valt. Kommunalt tilsette eller folkevalde er inhabile til å handtere saker i kommunen når selskap der dei sjølv er styremedlem er part i saka, jf. Forvaltningslova § 6 andre ledd. Kommunen som eigar må såleis vurdere ulempene ved å velje slike personar til styremedlemmer opp mot behovet for/nytt av å ha den aktuelle personen i styret. Kommunen bør til dømes vurdere kor ofte/i kva for saker den aktuelle personen kan bli inhabil, og kva konsekvensar inhabilitet kan få for kommunen si sakshandsaming.

Det er ikkje sentrale folkevalde eller tilsette i leiande stillingar i Kviteseid kommune i styret i dei selskapa vi har undersøkt.⁸ Næringsssjefen i Kviteseid kommune sit i styret til Skien Dalen driftsselskap AS.

Styreverv i selskap er eit personleg verv, og medlemmene representerer berre seg sjølve ikkje eigarane. Eit medlem i styret skal ivareta selskapets interesser til beste for alle eigarane.

3.3. Revisors vurdering – eigarstyring

3.3.1. Folkevaldopplæring og informasjon om selskapa

Kommunen har førebels ikkje hatt folkevaldopplæring knytt til eigarskap. Det er anbefalt at kommunestyret får slik opplæring tidleg i kommunestyreperioden. Det er også viktig at kommunestyret blir orientert om gjeldande eigarskapsmelding tidleg i kommunestyreperioden.

Eigarprinsippet om at kommunestyret skal få årsmeldingar frå selskapa og jamleg informasjon om selskapa er eit tiltak som kan sikre kommunestyret årleg rapportering om tilstanden for selskapa. Dette er ikkje følgd opp, og kommunestyret har ikkje fått årsmeldingar eller årleg rapport om tilstanden for selskapa.

Det er positivt at nokre selskap har hatt orientering for kommunestyret, men kommunen bør sikre meir systematikk i arbeidet med folkevaldopplæring i eigarskap og informasjon om selskapa kommunen eig.

3.3.2. Eigarmøte

Kommunen har ikkje rutinar eller andre føringar i eigarskapsmeldinga for å sikre jamlege eigarmøte. For eit av dei fire selskapa har det vore jamlege eigarmøte med referat.

⁸ Det er /har vore leiande folkevalde/tilsette frå andre kommunar i styra.

3.3.3. Oppnemning av eigarrepresentant

Kommunen har hatt ein praksis på at sentrale folkevalde er kommunen sin representant i eigarorganet, med unntak av for Skien-Dalen skipsselskap AS, der næringsssjefen sit. Kommunen bør vere merksam på at næringsssjefen kan bli inhabil til å treffe avgjersle på vegne av kommunen i generalforsamling, sidan ho også sit i styret til selskapet.

Kommunestyret har ikkje gitt fullmakt til representasjon i generalforsamling, jf. kommunelova § 5-3. Det er viktig at kommunestyret formelt delegerer fullmakt til den som skal representere og eventuelt forplikte kommunen i generalforsamling. Slik fullmakt kan til dømes gå fram av delegeringsreglementet. Kommunestyret har ikkje valt representantar til representantskap i interkommunale selskap tråd med IKS-lova § 6. Representantane skal veljast av kommunestyret sjølv (det er ikkje valt representant til Vest-Telemark brann og redning IKS). Det skal veljast to vara-representantar for kvart medlem i representantskapet. Kviteseid har ikkje valt to vararepresentantar, bortsett frå til Renovest IKS.

3.3.4. Eigarstyring og forankring av eigarsaker

Kommunen har ikkje rutinar eller andre føringar for å sjå til at dokument og avtalar som regulerer styring i selskapa blir revidert. For dei fire selskapa vi har sett på, er dokument og avtalar relativt nye. Kommunen bør likevel vurdere å sikre gjennom eigarmeldinga at slike styrande dokument blir vurderte jamleg.

Kommunen bør sjå til at kommunestyret får jamleg informasjon om selskapa, slik eigarskapsmeldinga legg opp til.

Kommunen har ikkje rutinar eller føringar for innkallingsfristar for selskapa, og for politisk handsaming av laupande eigarsaker. Kommunen bør prøve å få fastsett gode nok fristar for innkalling i selskapsavtalar og vedtekter, og elles etablere rutinar slik at kommunestyret eller formannskapet får høve til å handsame innkallingane politisk. Dersom det er sjeldan kommunestyremøte, kan det vere tenleg å delegerer til formannskapet å handsame slike eigarsaker.

3.3.5. Styrevalprosessar

Eigarskapsmeldinga har føringar for styreval i tråd med tilrådingane frå KS, med unntak av tilrådinga om at valnemnda skal gi grunnleggjande innstilling. Dette er heller ikkje gjort i praksis. Eigarskapsmeldinga er ikkje formelt bindande for selskapa, så kommunen bør difor ta initiativ til at bruk av valnemnd blir nedfelt i vedtekter/selskapsavtale.

For to av selskapa har generalforsamling/representantskap vedtatt at det skal vere valnemnd. Det eine selskapet, Vest-Telemark brann og redning IKS, har også vedteke å lage retningslinjer for valnemnda.

Tilråding om valnemnd er gitt mellom anna for å sikre en god prosess rundt forslag til kandidatar til styret, der ansvar, rolleforståing og habilitet er viktige tema. Dersom dagleg leiar i selskapet er involvert i denne prosessen utover reine administrasjons/sekretær-oppgåver, er det uheldig.

Ei viktig oppgåve for eigar er å sikre at styra samla sett får best mogleg kompetanse. Praksisen på at kvar kommune oppnemner sine representantar, kan hindre at den samla kompetansen til styret blir vurdert. Oppnemning av styremedlemmer frå kvar eigar kan også skape ei forventning om at styremedlemmen representerer eigar i styret. Det kan skape eit uklart skilje mellom eigarstyring og selskapsstyring. Styremedlemmene i eit selskap representerer berre seg sjølve, og skal ivareta selskapets interesser til beste for alle eigarane.

Alle selskapa har styresamansetjing i samsvar med lovkrava til kjønnsrepresentasjon.

Tre av dei fire selskapa har vara til styret, og to av dei har numerisk vara. Det er tilrådd å ha numerisk vara for å sikre kompetanse og kontinuitet i styret. Dersom personleg vara er knytt til kompetansen som styremedlemmene har, kan den ordninga sikre naudsynt kompetanse, og behovet for kontinuitet kan vere mindre.

Ordninga med gjennomgåande styre i konsern, er ikkje i tråd med tilrådingane frå KS, som peikar på utfordringar knytt til habilitet og anbod. Vi vil også peike på at det for større nettselskap ikkje er lovleg med slik organisering. Gjennomgåande styre kan ha mange fordelar, men det kan også svekke kontrollfunksjonen mellom eigar og styre, sidan dei same personane då sit både i eigarorgan og styre. Det er heller ikkje gitt at styret i morselskap og dotterselskap treng same kompetanse.

KS tilråding om å ikkje ha sentrale folkevalde eller kommunale leiarar i styret er gitt for å unngå problem knytt til habilitet. Næringssjefen sitt styreverv i Skien Dalen Skipsselskap AS, gjer at ho og hennar underordna som hovudregel er inhabile i saker der selskapet er part, jf. forvaltningslova § 6.

4. Konklusjonar og tilrådingar

4.1. Konklusjonar

Kommunen har ei eigarskapsmelding i tråd med minimumskrava i kommunelova, men kommunestyret må vedta eigarskapsmelding også i denne kommunestyreperioden.

Kommunen si eigarstyring samsvarar ikkje fullt ut med gjeldande krav og tilrådingar. Vi vil særskilt nemne at kommunen ikkje har rutinar som sikrar politisk forankring av eigarsaker. I tillegg har undersøkinga vist at:

- Kommunen ikkje har hatt folkevaltopplæring i eigarskap.
- Kommunestyret ikkje har fått jamleg informasjon om selskapa kommunen eig.
- Kommunen ikkje har jamlege eigarmøte, slik det er tilrådd å ha.
- Kommunen har sentrale folkevalde i dei fleste eigarorgan i tråd med tilrådd praksis, men kommunestyret har ikkje gitt fullmakt og valt representasjon fullt ut i tråd med lovkrava.
- Kommunen har ikkje følgd opp alle tilrådingane knytt til styreval.

4.2. Tilrådingar

Vi rår kommunen til å:

- revidere og handsama eigarskapsmeldinga som planlagt, og sjå til at eigarskapsmeldinga også er i tråd med tilrådingane frå KS for god eigarstyring
- sørge for folkevaltopplæring i eigarskap og at kommunestyret årleg får informasjon om selskapa
- i samarbeid med dei andre eigarane ta stilling til behovet for jamlege eigarmøte med dei ulike selskapa, og etablere rutinar som samsvarar med desse vurderingane
- sikre at eigarrepresentant i generalforsamling og representantskap er oppnemnt/valt i tråd med gjeldande lovkrav
- treffe tiltak for å sikre politisk forankring av eigarsaker
- treffe tiltak for å sikre styreval i tråd med krav og tilrådingar, til dømes numerisk vara og grunngitt innstilling frå valnemnd
- vurdere praksisen med gjennomgåande styre i selskapa sine eigarorgan.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjeloven)

Lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper (IKS-loven)

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon

Offentlege dokument

Ot.prp.nr.97 (2002–2003) Om lov om endringer i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper, lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper og i enkelte andre lover (likestilling i styrer i statsaksjeselskaper, statsforetak, allmennaksjeselskaper mv.)

Prop. 46L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Kommunens dokumenter

Eigarskapsmelding for Kviteseid kommune 2021 - 2024, vedtatt i kommunestyret sak 52/21

Delegasjonsreglement for Kviteseid kommune, vedtatt i kommunestyret sak 53/22

Bøker

Bernt, Jan Fridthjof og Oddvar Overå, *Kommuneloven 2018 med kommentarer*. Oslo: KF, 2019.

Dag-Henrik Sandbakken (red), *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll*, KS, 2020, <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

Elektroniske kjelder

Kviteseid kommune, *kviteseid.kommune.no*, nettside, 05.01.2025 – 14.03.25

Brønnøysundregisteret, nettside, 05.01.2025 – 14.03.25

Proff, *proff.no*, nettside, 05.01.2025 – 14.03.25

Vedlegg

Vedlegg 1: Metode og kvalitetssikring

Eigarskapskontrollen starta med oppstartsbrev 29.11.24. Vi hadde oppstartsmøte 21.01.25 med kommunedirektør, økonomisjef og rådgjevar på samfunnsutvikling og teknisk drift. I møtet presenterte vi prosjektplanen med problemstillingar, kjelder for revisjonskriterium og plan for gjennomføringa.

Eigarskapskontrollen skal gjennomførast på ein måte som sikrar at informasjonen i rapporten er relevant og påliteleg. Data er relevante (gyldige/valide) dersom dei skildrar dei forholda som problemstillingane handlar om. Om data er pålitelege (reliabilitet) handlar om at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mogleg og at det ikkje har skjedd systematiske feil undervegs.

Nedanfor gjer vi greie for datagrunnlaget vårt og kva metodar vi har brukt for å svare på problemstillingane. Vi vil også beskrive kva tiltak som er brukt for å sikre at vi har relevante og pålitelege data.

Innsamling av relevante og pålitelege data

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg i perioden desember 2024 til mars 2025. Vi har nytta ulike kjelder til informasjon.

Vi har fått selskapsavtale/vedtekter, eventuelle rutinar/praksis for val av styremedlemmer og styresamansetjing og protokoll frå generalforsamling/møte i representantskapet som har vore gjennomført i 2023 og 2024. Vi har også sett innkallingar til generalforsamling/representantskap.

Frå kommunen har vi fått eigarskapsmelding og oversikt over eigarskapsaker som har vore handsama politisk i perioden 2023 – 2024. Vi har også nytta dokumentasjon frå kommunen nettsider, selskapsinformasjon på proff.no og Brønnøysundregisteret.

Vi har intervjuet ordførar (som kommunen sin eigarrepresentant) og kommunedirektør. Referat frå intervjuet er stadfesta av dei vi har intervjuet. Vi har også fått informasjon frå dagleg leiar for Kvito AS om eigarmøte.

Vi har sjekka ut med kommunen sin eigarrepresentant og administrasjonen at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Kommunen og selskapa har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 14.

Personopplysningar

I samband med denne eigarskapskontrollen har vi behandla personopplysningar som namn og e-postadresser til tilsette og politikarar i kommunen, samt styreleiar/dagleg leiar i selskapa.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar i samband med eigarskapskontroll er kommunelova § 24-10, jf. § 23-6.

Vi behandlar personopplysningar slik det er sagt i vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på vår [nettside](#).

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.⁹

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har et system for kvalitetsstyring som er i samsvar med internasjonale standardar for kvalitetsstyring.¹⁰ Denne eigarskapskontrollen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetsstyringssystem og i samsvar med krava i RSK 001.

⁹ God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

¹⁰ ISQM 1 og 2 er internasjonale standardar for kvalitetsstyring og oppdragskontroll for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenkla revisorkontroll av rekneskap, eller andre attestasjonsoppdrag eller liknande tenester.



Vestfold
og Telemark
revisjon

På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er laga av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

25: 4022 401